



Aukra kommune

Reguleringsføresegner	
Plannamn:	Reguleringsplan Hollingsetervegen
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201902
Saksnummer i arkiv:	2019/88
Datert:	14.05.2019
Sist revidert:	09.09.2019 (endringar er vist med raud skrift)
Vedtaksdato:	Vedteken i Kommunestyret den xx.xx.xxxx, sak xx/xx



§ 0 Hensikta med planarbeidet

- Føremålet med planarbeidet er å utbetre eksisterande kommunal veg, leggje til rette for eit mogleg framtidig fortau, samt å leggje til rette for nye tilkomstvegar til eigedomane 15/9 og 16/2.

§ 1 Generelle føresegner

§ 1.1 Planavgrensing

- Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er vist på plankartet med planavgrensing. Innanfor disse grensene skal areala nyttast slik som arealføremåla på plankartet og føresegnene fastset.

§ 1.2 Terrenginngrep

- Nødvendige inngrep i terreng skal utførast på ein slik måte at eksisterande og naturleg vegetasjon så langt det seg gjere vert bevart. Alle skjeringar og fyllingar skal få ei utforming og overflate som dempar den visuelle effekten av inngrepa.

§ 1.3 Universell utforming

- Prinsippa for universell utforming skal, så langt som råd, leggest til grunn innanfor reguleringsføremåla ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK 17).

§ 1.4 Kulturminne

- Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmynde i fylkeskommunen kontaktast, jf. lov om kulturminner §§ 3 og 8.

§ 1.5 Støy

- For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442/16 leggest til grunn.

§ 1.6 private avtaler

- Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med føresegnene.

§ 1.7 Eventuell endring av vedteken plan

- Vesentlege avvik frå plankart og føresegner skal som hovudsak skje gjennom reguleringsendring, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

- Kommunen kan, når føresetnadene er til stades, gi dispensasjon frå reguleringsplanen i medhald av plan- og bygningslova § 19.

§ 1.8 Definisjonar

- O_ = Offentleg Formål
- Den første bokstaven viser til hovudformål etter plan- og bygningslova § 12-5 (S = samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur)
- Dei neste bokstavane viser til underformål etter plan- og bygningslova § 12-5 (V = veg, KV = køyreveg, F = fortau, AV = annan veggrunn).
- Dersom planen består av fleire område med same formål, vert desse områda skilt med talkodar (SV1, SV2 etc.).

§ 2 Føresegner til arealføremål (§ 12-5)

§ 2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 2.1.1 Veg (O SV)

- Føremålet omfattar den kommunale vegen Hollingsetervegen, og er vist på plankartet med regulert breidde.
- Vegen skal opparbeidast etter krava i Statens vegvesen sine handbøker N100 og N101, og skal ha fast dekke og belysning.
- Det kan etablerast fartsdempande tiltak der det vert sett på som naudsynt.
- **Delar av fylkesveg 662 og er teke med for å kunne vise frisktlinene i si heilheit.**

§ 2.1.2 Køyreveg (SKV1)

- Føremålet omfattar forslag til ny avkøyrsløp og tilkomstveg til eigedom 15/9, Hollingsetervegen 18.
- Eksisterande avkøyrsløp til eigedomen skal stengast ved etablering av SKV1.

§ 2.1.3 Køyreveg (SKV2)

- Føremålet omfattar forslag til ny tilkomstveg til eigedom 16/2, Hollingsetervegen 46, og er vist på plankartet med regulert breidde.
- Eksisterande avkøyrsløp til eigedom 16/2, Hollingsetervegen 46, skal stengast for biltrafikk ved etablering av SKV2.
- Delar av vegen skal fungere som tilkomstveg til tre eksisterande naust (16/2, 16/20 og 16/21).
- Delar av vegen skal fortsatt fungere som tilkomstveg til eigedom 16/1, Hollingsetervegen 30/32.
- Vegen skal opparbeidast etter krava i Statens vegvesen si handbok N100.

§ 2.1.4 Fortau (O SF)

- Føremålet omfattar forslag til eit framtidig fortau langs Hollingsetervegen, og er vist på plankartet med regulert breidde.
- Fortauet skal opparbeidast etter krava i Statens vegvesen si handbok N100, og skal ha fast dekke.
- Fortauet skal være skilt frå veggen med kantstein for å hindre at sykklistar kjem for nært vegbana.

§ 2.1.5 Annan veggrunn – tekniske anlegg (O SAV)

- Føremålet omfattar nødvendig areal til grøfter, skjeringar, fyllingar, sikkerheitssoner, rekkverk og andre nødvendige anlegg eller installasjonar som det vert sett på som naturleg å etablere innfor desse areala.
- Skjeringar og fyllingar skal så langt det let seg gjere tilpassast omkringliggende terreng, og såast til før ferdigstilling.

§ 2.2 Omsynssoner

§ 2.2.1 Frisiktsone (H140)

- Plankartet viser frisiktsoner i kryss (sikringsone - H140).
- Innanfor frisiktsonene skal det være fri sikt på minimum 0,5 meter over tilgrensande vegers nivå.
- Busker, tre eller andre konstruksjonar som kan hindre fri sikt er ikkje tillatt.
- Trafikkskilt og lysmaster kan plasserast innanfor frisiktsonene dersom dei ikkje er til hinder for fri sikt.
- Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.
- **I krysset mellom Hollingsetervegen og Julsundvegen lengst nord i planområdet skal frisikta være 138 meter til kvar side, målt frå eit punkt 10 meter inn i krysset.**
- I krysset mellom Hollingsetervegen og SKV1 skal frisikta være 30 meter til kvar side, målt fra eit punkt 4 meter inn i krysset
- I krysset mellom Hollingsetervegen og SKV2 skal frisikta være 30 meter til kvar side, målt fra eit punkt 4 meter inn i krysset.

§ 2.3 Rekkefølgekrav

- Ved etablering av ny tilkomstveg (SKV1) til eigedom 15/9, Hollingsetervegen 18, skal eksisterande tilkomstveg stengast for biltrafikk.

- Ved etablering av ny tilkomstveg (SKV2) til eignedom 16/2, Hollingsetervegen 46, skal eksisterande tilkomstveg stengast for biltrafikk.
- Det nordlegaste krysset, mellom fylkesveg 662 og Hollingsetervegen, skal stengast for biltrafikk når ny/utbetra kryssløysing ved Julsundet skule eller tilsvarande er etablert.